

Samandrag av vårt syn på bygging av Gjengedal kraftverk

FNF Sogn og Fjordane, Naturvernforbundet Sogn og Fjordane, Naturvernforbundet, DNT, NJFF

- Det er nesten sikkert at gjelet ved Gjengedalsfossen er det einaste av sitt slag i fylket, og det er heilt sikkert at slike landskap som Gjengedalsgjelet er svært sjeldne i heile landet. Naturmangfaldlova har som mål å ta vare på slike naturtypar.
- Vi meiner NVE har sett lettvint på skadane av å fjerne det meste av fossen. Spekulasjonane om at mosane som veks under fossen ikkje treng fosserøyk, manglar fagleg dekning.
- NVE har ikkje levert argument som gjev grunn til å tru at 3-4 kbm minstevassføring vil dempe konsekvensane vesentleg.
- Eit massedeponi på 20 dekar i edellauvskogen ved Klypet er etter vår oppfatning ikkje mogleg utan stor skade på sentrale delar av denne lokaliteten av svært stor verdi.
- I Gjengedalsvassdraget går laksen heilt opp under Gjengedalsfossen, vassdraget har anadrom strekning ned til Hyenfjorden, ein strekning på ca. 8,5km, med stamme av storlaks og stor sjøaure. (1)
- Vassdraget er eit flaumvassdrag og laksen er avhengig av flaumar på minst 30m³, vedvarande over fleire døgn. Helst bør man ha flaumar på 50 - 60m³.
- Flaumar under 30m³ rammer fisken og sportsfisket, for fisken kjem ikkje opp til dei viktige gyte- og standplassane i Gjengedalsgjølet.
- Gjengedalsvassdraget er av Vitenskapelig råd for lakseforvaltning klassifisert som eit av 21 vassdrag (av 148 undersøkte), som får karakteren "svært god" for kvalitetsnormene "gytebestandsmål og høstingspotensial" og "genetisk integritet" (2)
- Avbøtande tiltak i gjelet er ikkje gjennomførlege grunna topografien.



Foto: Elisabeth Dahle

1. Uni Miljø Bergen (2016). NOTAT: Gytefisketelling, vurdering av gyteforholdv og forslag til tiltak i Åelva og Ommedalselva 2016.

2. Vitenskapelig Råd for Lakseforvaltning (2017). Klassifisering av 148 laksebestander etter kvalitetsnorm for villaks. Temarapport nr. 5, 81s.